

Skuleferie som andreførar - på skulen!

03.03.2011



**Det er vinterferie og mange elevar og foreldre kosar seg i fjellheimen.
Men slik er det slett ikkje med 7 1/2 år gamle Victoria Haaranes som går i
andre klasse og bur i Halsabrotet.**

Då vi traff henne i ettermiddag var ho andreførar - eller copilot om ein vil - i ein diger gravemaskin der 'reservebestefar' Arne Haugland sat ved spakane.

Det var også eit kuriøst poeng at dei var i arbeid nettopp på skuleområdet. Han og sonen Tor Ove har i oppdrag å pynta opp rundt klatrestativet etter kloakkarbeidet som har gått føre seg i området.

Kanskje Victoria blir gravemaskinførar og bryt den stadig meir kunstige grensen mellom gutter og jenter?

(Foto: Ola Matti Mathisen)